

Kyrkjjetonar





Kor mange kristne møter du ein heilt vanleg dag?

I veke 43 var 1599 personar innom kyrkjene i Tysvær. Du kan lesa meir om teljinga på side 14.

Kor lenge er det sidan du møtte ein kristen - ein representant for Guds verdsvide kyrkje? I Bergpreika seier Jesus at me kristne er saltet på jorda og lyset i verda. Merkar dei me møter at me er nettopp det?

Salt har mange oppgåver. Me tenkjer kanskje fyrst og fremst på konservering av mat. Salt vert også bruka i botn av kokegropa. Ved å leggja salt under steinane der ein laga mat, fekk ein jamna ut varmen frå bålet.

Lyset viser veg, både som ei leistjerne og som «lykt for min fot» (Salme 119, 105).

Som teljinga viser, er det svært mange som er i kontakt med kyrkja i ei helt vanleg veke. La oss kristne reflektera og representera Jesu varme og lys til dei me møter i kvardagane - både i kyrkja, på jobben og heime.

De er saltet på jorda! Men mistar saltet si kraft, korleis skal det då bli gjort til salt att? Det duger ikkje lenger til noko; dei kastar det ut, og folk trakkar det ned.

De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell, kan ikkje gøymast. Ingen tenner ei oljelampe og set henne under eit kar. Nei, ein set lampen på ein haldar; då lyser ho for alle i huset. Slik skal lyset dykkar lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!

Matteus 5,13 -16

Ståle Hustoft
Redaksjonen avslutta 23. november

redaktørens hjørne

Her kan du
betale med
v:pps

523083

Vipps-nummer

Har du lyst å støtta arbeidet med Kyrkjetonar så kan du gi ei gåve eller betala den frivillige kontingenten til VIPPS-nummer 523083

Framsdebilde

Lørdag ettermiddag i jubileumsuka laget Bjarte Leithaug en konsert i Aksdal kyrkje sammen med barn.

Fullt hus og et kjempeflott arrangement! foto: Asbjørn Erdal

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anita Syvertsen Are,
Steinar Høyvik, Ingrid Hustoft Landro og
Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal,
telefon: 476 41 868

Girokonto: 1506.82.22874
VIPPS-nummer: 523083
Frivillig kontingent: kr. 300,-

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon: 476 41 868

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: post.tysver@kirken.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag
kl. 10 - 14

Sokneprest Tysvær sokn og Bokn sokn
Tor Egil Eriksen

Mobiltelefon: 404 00 686

Sokneprest Nedstrand sokn

Dag Tormod Milje

Mobiltelefon: 934 15 401

Sokneprest Førresfjorden sokn

Gjermund Lygre

Mobiltelefon: 934 93 520

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Diakon Synnøve Svensson Haakonseth

Ungdomsdiakon

Lisbeth Skilhagen Haaheim

Menighetspedagog

Hjørdis Kristina Støle Brasøy (permisjon)

Kyrkjelydspedagog Janne I. Eide

Menighetspedagog Kari Undheim

Organistar
Johannes Støle
Bergfrid Seibt

Kyrkjevevjerje

Tysvær kommune: Ottar Krakk

Mobiltelefon: 932 16 644

Bokn kommune: May Jorunn Vatnaland

Mobiltelefon: 950 62 816

Administrasjonssekretær

Gunn Elisabeth H. Ertenstein

Katrine Eide

Kyrkjetonarar

Odd Grønnestad: 900 71 868

Gunn Elisabeth H. Ertenstein: 976 18 216

Eva Keller: 936 75 972

Einar Selvåg



Dag Tormod Milje i samtale med Tom Roger Aadland.

Blest Litteraturfest i Aksdal og Nedstrand kyrkje

av Bjørn Rørtveit

bLEST Litteraturfest vart arrangert for 19.gong i starten av november,- og det har blitt tradisjon at kyrkjene samarbeider med festivalen om ulike arrangement.

I år vart Sveinar Medhaug bokbada av Gjermund Lygre i Aksdal kyrkje søndag 9.november like etter gudstenesta. Tema var Medhaug si nye andaktsbok "En blå linje. Å følge vannets vei gjennom Bibelen".

Her har Medhaug tatt utgangspunkt i femti bibeltekster om vatn, båtar, skip, fisk og fiskerar. Ei ypperleg bok for deg som er glad i friluftsliv og kjenner deg nær kysten og havet. Biblioteket har boka!

I Nedstrand kyrkje var det same kveld kl 18 også bokbad, og her var det Tom Roger Aadland som var gjest, med samtalepartner Dag Tormod Milje.

Tom Roger er ein ein kjent og kjær artist for mange, og i denne samanhengen var det mest fokus på songtekstane hans,- som nå er ute i boka "Alle dei i ei" - Songlyrikk 1999-2024". Når ein les tekstane på denne måten, kjem dei ofte nærare, og under samtalen vart fleire av tekstane både lest og tatt opp på veggen, til ettertanke.

Tema i tekstane er ofte allmennmenneskeleg, slik som einsemd, sakn, lengt etter kjærleik eller bandet til naturen. Han sa også at han heilt bevisst brukte metaforer og omgrep frå Bibelen i tekstane sine,- også fordi dei etterkvart ikkje er like langt framme i folks bevissthet som tidlegare, og treng å bli brukt, også i litterær samanheng.

Etter samtalen var det "verdens lengste minikonsert" i følge Aadland, med både kjente og mindre kjente songar. Den vart avslutta med "Vestland, Vestland" etter ønske frå salen, noko som talar om at dette er ein av mange tekstar der Tom Roger treff hjartestrengen i oss.

Åleine med gitaren fekk publikum og verkeleg inntrykk av at Aadland er utdanna med klassisk gitar som hovudinstrument. Vakkert!

I samband med arrangementet var det også utstilling i Galleri Open Port i prestegarden, der Alf-Einar Kvalavåg hadde utstilling av sine foto frå mange konsertar i Nedstrand kyrkje gjennom åra. Ei fin mimreutstilling som minna oss på mange fine opplevingar mellom dei trekvite kyrkjeveggene. Og nå har me endå eit minne i minneboka.

Året me utforskar tradisjonane

Andakt av Anne Lise Ådnøy, biskop i Stavanger bispedømme

Kva er juletradisjonar for deg? Er du frå ein familie med juletre av furu eller gran – i så fall edelgran, norsk gran eller eviggrønt kunststoff? Kva slags lukter forbind du med jul? Bestefar sin sigar eller den tradisjonelle julemiddagen?

Dette er året då jula sine tradisjonar og kyrkjelege røter bør utforskast. Julia 2025 er nemleg ei 900-årsjubileumsjul! Trua på Guds og Marias son hadde byrja å slå rot i Rogaland då Stavanger bispedømme vart etablert. Domkyrkja er datert til år 1125, og me er stolte av at den vakre katedralen har vore i samanhengande kyrkjeleg bruk i 900 år. Tallause julesalmar er «avleira» i dei solide veggane der.

Jul var opphavleg festen for solsnu, ein skikk knytt til naturen sitt kretsløp. «Yule-tide» heiter det i nokre engelske julesongar. Me har halde på ordet jul, men innhaldet handlar meir om «Christmas» eller Kristmesse, på norsk.

Fastetida er dele-tid

Ofte er familietradisjonar knytte til måltida. Mange veker før julehelga blir me minna om at ribbe og pinnekjøtt høyrer jula til. Før gav juledagen den første kjøtmiddagen på fleire veker. Advent var fastetid. Ein tradisjon me godt kan ta vare på, er at adventstida blir dele-tid. I seinare år har det vore fleire medieoppslag om folk som trassar sjenanse og norske tradisjonar for å inkludere nye i måltids-fellesskapet akkurat til jul. Kan det bli ein ny tradisjon?



foto: Marie von Krogh

Feirar de jul saman på tvers av generasjonar? Lat det bli ein tradisjon at nokon fortel om sine juleminne, kanskje både på godt og vondt. Forskjellane mellom familiemedlemmar og mellom hushald i eit nabolag kan vere store. Julia toler at me snakkar ærleg om misunning, sår og forskjellsbehandling. Jesus vart menneske nettopp fordi Gud bryr seg om menneske og korleis me har det. Julia minner oss også på Jesu kjærleiksbod om at me skal elska kvarandre.

Lyset finst

Solsnu-motivet er framleis med oss inn i feiringa av Jesu fødsel, han som kalla seg verdas lys. Gjennom førjulstida lyser adventskransen stadig sterkare, og til høgtida syng me «Ho mor, ho kveikjer alle ljøs».

Lys er ikkje berre ein flamme eller noko me kan slå på med ein brytar. Lys er eit bilete på det me treng når dagane er tunge. Me treng kvarandre, eit vennleg smil, ein hjelpsam nabo, at nokon deler med oss – og me treng håp. Håpssymbolet er eit anker. Ankeret har feste i æva hos Jesus, som var før alle tider og som vart ein av oss.

Lat tradisjonen med å feira verdas lys halda fram med å bringa håp – «midt i den kalde vinter, ved mørke midnatts tid». (Det hev ei rose sprunge, nr. 33 i Norsk salmebok.)

God Kristmesse 2025!



– Solsnu-motivet er framleis med oss inn i feiringa av Jesu fødsel, han som kalla seg verdas lys, skriv biskop Anne Lise Ådnøy. Foto: Den norske kyrkja

Me treng deg i Aksdal Kyrkje!

Tekst: Ingvar Frøyland, Førresfjorden sokneråd/foto: Asbjørn Erdal

Har du tid til overs? Og ville det vore kjekt å bli del av eit fellesskap med trivelege folk? I Førresfjorden sokn treng me fleire frivillige i Aksdal kyrkje.

«Etter skoletid» om onsdagane samlar omkring 50 barn i Aksdal kyrkje når skulane sluttar rundt kl.12. Her driv ein med forming, sløyd, mat, leksehjelp eller er i gymsalen i kyrkja. Det er behov for mange vaksne her, gjerne unge pensjonistar, besteforeldre eller andre som har fri på denne tida av dagen.



Frivillige og tilsette i tett samarbeid under sommarkafe i Aksdal kyrkje

Og etter at «Etter skoletid» er slutt, held ein fram med middagslaging til «Superonsdag» eller «Kyrkjeonsdag» då alle er velkomne til middag, drøs og fellesskap for heile familien.

Diakoniutvalet har ansvar for eit lunsjtreff siste torsdagen i månaden, midt på dagen, og dessutan «Go'kveld» eit par kveldar i semesteret. Diakoniutvalet vil svært gjerne ha med fleire.

Der er mange frivillige med i Førresfjorden menighet i dag, men nokre kjenner på alderen og ber om avløyning etter lang innsats. Om søndagar kan det vera behov for kyrkjevert ved gudstenester eller andre oppgaver knytta til søndagsskule og gudsteneste.

Kjenner du på lyst eller behov for å vera med i frivillig arbeid, gjerne også med andre oppgaver enn det som er skrive om her, så er me glad om du tar ein telefon til leiar av soknerådet Asbjørn Erdal tlf. 91113188, eller sokneprest Gjermund Lygre tlf. 93493520, eller nokon andre du kjenner i kyrkja.

Me har her fokus på oppgaver i Aksdal kyrkje, men bur du i eit anna sokn enn Førresfjorden, er eg sikker på at ditt sokneråd også blir glad om du melder deg til teneste der du bur.

Nyttårsaftan i Bokn kyrkje

Av May Jorunn Vatnaland

Det er i år 25 år sidan millenniumskiftet. Tida har gått fort, synest i alle fall me som har nokre år på baken

I 2000 starta me med ein ny tradisjon i Bokn kyrkje. Det fyrste året hadde me fakkeltog, men dei neste åra blei det storm og ufyselig vær. Dermed slokna den delen av tradisjonen ut. Det som har fortsett i åra etterpå, er at ordførar er til stades.

Etter gudstenesta har ordførar og prest ein uformell, og fin prat, som et lite «talk show». Nokre år har varaordførar møtt, men stort sett har ordførar stilla.

Det fyrste året var det stappfullt i kyrkja, men etter kvart har publikums-talet falt drastisk.

Sjølvs har eg deltatt kvart år, og syns dette er ein fin tradisjon. Ei fin markering på slutten av eit år, og alltid kjekt å få nyttårshelsinga frå ordføraren med seg heim.

Nyttårsaftan i år blir som tidlegare, men fleire songkrefter deltar.

Songarstjerna vår Adelin Øvrebø er med, Inna Gorbaz frå Ukraina syng, og Håkon Sletten syng saman med May Jorunn Vatnaland.

Me håpar at fleire vil hente opp tradisjonen igjen, og kjem i kyrkja på årets siste dag.

Gudstenesta starta kl.16, då det er fortsatt god tid til feiring om kvelden. Det vil bli anledning til å gje ei offergåve til Kirkens Bymisjon.



Det er vorte ein fin tradisjon at ordførar og prest har ein uformell og fin prat etter nyttårgudstenesta.

Småglimt frå KyrkjeNÆR i Tysvær og Bokn

Det har vore stor aktivitet i KyrkjeNÆR i haust. Her ser de glimt frå noko av all aktiviteten.

I vinter og til våren er det mellom anna Diakonidag, Dåpsskule, Babysong, Konfirmantleir, Påskeleir og utdeling av Bibel og Nytestamente. Borna og ungdommane får invitasjon til dei ulike aktivitetane.



4-årssamling i Bokn kyrkje (over) og på Tysvær Soknehus (t.v.)



Konfirmantane i Tysvær og Bokn er godt i gang. Her ser vi nokre glimt frå felles lørdagsseminar 24.august.



22.september. Aktivitesdag for heile Tysvær og Bokn på Stemmestaden. Dagens tema: Misjon. Biletet over er frå bønnevandringa.



God aktivitet på "Etter skuletid" i Skjoldastraumen 1.-7. kl, siste onsdag i månaden. Leiar er Solveig Selvåg. Vi har plass til fleire- velkommen!



Hausttakkefest i Tysvær i september (over)



Undretur i Bokn og Tysvær kyrkje



November er tida for **Lys Vaken**



I november blei 7. klassingane med foresatte inviterte til "Min digitale verden"

Kveldsskule med dialog, refleksjon og ekte samtalar om spel, nettvett og skjermtid for både born og vaksne. Den gode formidlarar Fartein Thorsen frå Barnevakten.no var fin å høyre på og alle blei engasjerte i det viktige temaet.

Isbuffeten blei ein suksess, og det blei også masse gøy leik i gymssalen i Aksdal kyrkje.



Frå gudsteneste med utdeling av Barnebiblar for 4-åringar. Bokn kyrkje, 16.november.



FN's internasjonaledag for avskaffelse av vold mot kvinner!



Vold mot kvinner og jenter er et av de mest systematiske og utbredte menneskerettighetsbruddene i verden. Som en markering er kirketårnet i Aksdal kyrkje lyssatt med orange fra og med 25. nov. t.o.m. ca 10. des. Fargen orange er en lys og optimistisk farge som representerer en verden fri for vold mot kvinner.

Vold mot kvinner er aldri en privatsak, men et samfunnsproblem som rammer millioner av kvinner og bremser utviklingen av alle samfunn. FN arbeider for at alle jenter og kvinner skal vokse opp i en trygg verden, uten frykt for liv og helse.

Vold kan være fysisk, psykisk eller seksuell. Dette er eksempelvis trusler, slag, manipulering, tvang, overgrep, trakassering, netthets, slaveri, tvangsekteskap, kjønnslemlestelse, barneekteskap eller drap. Alt dette regnes som vold, men mange steder i verden mangler kvinner rettsikkerhet og mange av voldsutøverne går ustraffet.

FN's bærekraftsmål nr.5, som handler om likestilling mellom kjønnene, jobber for å avskaffe alle former for vold mot jenter og kvinner innen 2030. dette gjelder både offentlig og privat sfære. FN passer på at disse reglene følges.

Vi fikk i fjor en utfordring om å gjøre noe i forbindelse med markering. I fjor fikk vi lyssatt kirketårnet for første gang og hadde i tillegg åpen kirke fra kl. 11-12. Sanitetskvinnene mobiliserte Rød knapp-aksjon.

Dette er fra kirken sin side en stille markering, hvor vi viser at vi støtter disse kvinnene. Muligens kjenner voldsutsatte til dagen og fargekoden. og vi håper med dette at også de som er utsatt eller i nære relasjoner finner noen de kan snakke med om denne problematikken, og finne en løsning på hvordan avskaffelse av vold kan finne sted.

Tekst og foto Lisbeth Skilhagen Haaheim

Nye julesongar

Konsert i Aksdal Kyrkje søndag 14. desember

av Hartvig Waage

Dersom du kjem på Tysvær Blandakor sin julekonsert i Aksdal Kyrkje søndag 14.des, vil du bli kjent med minst 3 nye julesongar.

Har du høyrd julesongen «Kaldt og mørkt og lite sol»? Den blei skrive i 1912 av L.F.Hov og tonesett av Anders Hove. Blei nok brukt nokre stader i landet. Kenneth Sivertsen song den saman med Herborg Kråkevik for nokre år sida, og han fortalde då at han hadde lært den

av lærarinna si, Randi Gjerde på Moster. Vi fant den og i boka «Den nynorske songskatten» frå 2009. Boka er skrive av Terje Aarset, bror av vår nye bass i koret, Bjørn Aarset.

Koret syng også ein ny versjon av «Deilig er jorden». Den heiter på samisk «Eatnemen vuelie». Sangen er her ramma inn av joiklignande satsar. Dette høyrdes så spesielt og fasinerande ut at Disney fanga den opp og brukte den på si storsatsing

«Frozen». Også det verdskjende Tabernakelkoret i Salt Lake City syng den saman med Sissel Kyrkjebø. Og nå altså med Tysvær blandakor.

Så syng vi ein kjend polsk jolesong, «Kom til stallen» (Bog sie rodzi). Den er oversett av Eivind Skeie. Vi har opplevd at denne songen er kjent og kjær hos polakkane.

Har du studert billedvevane i kyrkja? Det kan du og gjera på konserten mens koret syng «Det hev ei rosa sprunge».

«Ding dong! Merrily on high» er ein kjend pop/dansesong som er blitt ein populær julesong. Kom og høyr og opplev gamle og nye julesongar. I år har vi ny dirigent, Siri Kval Ødegård. Ho er og den nye leiaren for Munor. Ho vil syngja «O helga natt» saman med vår gamle dirigent Magne Kristoffersen. Det gler me oss til!



Julekonsert Skjoldastraumen Kyrkje

Lørdag 20.desember kl 18.00

Henrik Hundsnes & co

Også i år kjem Henrik Hundsnes (bildet t.h.) og co med julekonsert til Skjoldastraumen. Han har med seg Sofia Loise Henriksdatter (ja det er Henrik si dotter) på song og dyktige musikere: Steffen Horn på piano, Sverre Vågen er med på trompet, Amund Sylte og Morten Engebretsen Stokke på gitarer.

Dei vil framføre mange av våre kjente og kjære julesongar slik som: I den kalde vinter, Pie Jesu, Have your self a merry little christmas og Mitt hjerte alltid vanker. Sokneprest Dag Tormod Milje medverkar og sjølsagt skal me alle vera med å syngje. Velkommen til ein stemningsfull førjulskveld i ei julepynta kyrkje.

Billetter kr 250 kjøpes på Vipps 137453 (barn under 16 år kr 100)



Vår Jul

Nedstrand Kyrkje

søndag 21. desember

kl 19.00

Tradisjonen tru inviterer vi til innhaldsrik konsert rett før jul. Konserten består av eit variert program med alt frå våre kjæraste julesongar til nyare norske songar, drivande god gospel og amerikanske svisker. Og vi skal syngje gode og kjende julesongar saman, men også få nyte gode solistar.

Også i år blir Ole Morten Vælde med, samt våre lokale solistar Jorunn Sande Baustad, Ingrid Skogvold, Åsne Breidablik Hustoft, Rita Rimereit og Ingrid Hustoft Landro.

Gode songarar i julekoret sørger for flott korsong.

Bandet består av Anders Lunde (bass), Jon Olav Svensson Haakonseth (tangentar), Torleif Fossum (gitar), Arne Haugen (trommer), Trond Schølberg (steel-gitar) og Berit Johanne Folkedal, trompet



«Vi trur denne kvelden vil gi ei flott oppleving der vi både får lytte til god musikk og vere med å syngje om det som skjedde i Betlehem og kva det betyr for oss i høgtida og i kvardagen,» seier Arne Myskja som skal leie oss gjennom kvelden.

Entre kr 250 (under 18 år fri entre). Billetter kan ein kjøpa på vipps 137350

Vel møtt til Julekonsert Vår Jul

Julekor Nedstrand

Det er kjekt og sunt å syngje i kor. I mange år har ein god gjeng vore samla til 3-4 øvingar før framføring på julekonserten. Øvingane blir leia av Arne Myskja og Ingrid H. Landro.

I år blir det øvingar fylgjande tirs dagar kl. 19.30 til ca 21.15: 2. desember, 9.desember, 16. desember samt lørdag 20.desember kl 14-15.30. Øvingane blir på Soknatun. Alle som har lyst å vera med å synga er invitert. Fint om dei som vil vera med melder til Arne (982 14 722).

Adventsamling Nedstrand kyrkje

Tirsdag 18. desember kl 11.00

Soknerådet inviterer til stemningsfull førjulssamling i Nedstrand kyrkje. Dette er i samarbeid med Nedstrandtunet der vi legg godt til rette for at brukarar og pårørande kan delta. I tillegg er Aktivitet og fellesskap på Stranda og frivillige med.

Sokneprest Dag Tormod Milje leier og vi syng kjente songar saman og får god musikk både fra orgel og piano. Bente Haukeland les Ajax og Nedstrand barnehage kjem. Alle er hjarteleg velkomne.





Adventskonsert i Aksdal kyrkje

søndag 7. desember

av Liv Jorunn Frønsdal og Berit Ninni Fjeldheim

Søndag 7. desember vert det invitert til ein stemningsfull adventskonsert i Aksdal kyrkje. Små og store lokale krefter medverkar til ein musikalsk pause midt i førjulstida.

Julebarnekoret frå kyrkjelyden deltek med songar som formidlar både glede og høgtid. Me får òg besøk av Rustne Horn frå Førland, eit vaksenkorps som skapar gode musikalske augneblink og vil by på ekte juleklang.

Me gler oss over at brørne Endre og Trygve Fjeldheim Hovelsen kjem heim att til Tysvær. Dei to utflytta tysværbuane stiller med både song og musikk, og vil setje sitt personlege preg på konserten.

Kvelden inneheld òg allsong, der alle får vere med og syngje nokre av våre finaste advents- og julesongar saman.

Me ønskjer velkommen til ein konsert som samlar generasjonar og gjev eit avbrekk i desember-travle dagar. Bli med når adventslyset vert tent i tonar og fellesskap.

Øvingar med julekoret

Det blir julestemning når ungar stemme i våre kjente julesongar. Me øver i kjellaren i Aksdalskyrkja der Øystein Østebøvik trakterer pianoet. Berit Ninni Fjeldheim leiar songen mens Benedikte Mølstre, Ida Beate Lindanger, Kjersti Elisabeth Østhus og Elisabeth S Vågen organiserer gjengen.

Me har ein triveleg liten time i lag der flotte stemmer kjem fram. Foreldre er velkomne til å vere inne og høyre på.

Kyrkjeonsdag:

Ein halvtime før øving serveres gratis middag i kyrkja. Der møtes unge og eldre. Barnefamiliar kjenner på frigjort tid med ferdig middag. Og etterpå er det berre å ta med kaffikoppen og høyre på julesong i øvingsrommet.

Fortløpende informasjon

Repertoaret med lydfiler blir lagt ut på FB sida "Julebarnekor/prosjektkor i Aksdal kyrkje". Sånn at det blir enkelt å øva heime om ein ikkje rekk alle øvingane.

Det kan vere travelt å gå på kor om ein er med på idrettsaktiviteter i tillegg. Men husk at dei fleste aktivitetane sluttar av uti desember. Dermed blir det betre tid til å syngje jula inn. Ungane lærer fort og det går fint om de ikkje rekk alle øvingane.

Framføring

Me syng på Kulturutvalget sin adventskonsert 7. desember og på den første gudstjenesten juleafta. Begge gonger i Aksdalskyrkja.

BLI MED I JULEBARNEKOR!

Øving onsdagar kl. 17:00-17:45 i Aksdal Kyrkje.

Oppstart 12. november.

Øvingar 12.11, 19.11, 26.11, 03.12, 10.12 og 17.12.

Me syng på julekonsert i Aksdal Kyrkje 7. desember kl. 17:00 og på julegudstenesta juleafta kl. 14:30!

Alder: ca. 4-11 år

Meld deg inn i Facebook-gruppa «Julebarnekor/prosjektkor i Aksdal Kyrkje» for fortgåande informasjon (eller skann koden).

Sporsmål? Ta kontakt med Berit Ninni Fjeldheim på 918 94 471 eller Benedicte Andrea Mølstre på 977 81873.

Nye, aktuelle bøker

Presenter av Bjørg Rørtveit



Julehefte
I de dager
Verbum forlag 2025

Julehefter har blitt populært igjen, og mange av dem er vakre, påkostede magsin som kan ha lang levetid. Flere har kunsttrykk som også kan rammes inn.

Det er mange hefter å velge mellom, og de fleste vil kunne finne et som passer sin interesse og vinkling.

Er du glad i litteratur kan vi anbefale "I de dager", - et litterært julemagasin som presenterer spennende tekster og vakker billedkunst. Innholdet er knyttet opp mot det som skjedde i de dager, men forfatterne og kunstnerne har et bredt perspektiv på det de presenterer.



Arild M. Bakke
Haugearv og hyrdespor
Verbum forlag, 2025

Arven etter Hans Nilsen Hauge finnes ikke bare på norsk jord. I denne boken åpner Arild Bakke for en ny og utvidet forståelse av impulsene fra Hauge.

Vi følger sporene etter bevegelsen han startet ut i den vide verden, til Madagaskar og vekkelsen som fant sted der på slutten av 1800-tallet, en vekkelse som ikke oppsto tilfeldig, men som bygget på impulser og mennesker som påvirket hverandre.

Boken går opp spennende og ukjente spor og viser hvilken nyskapning som finner sted når kristen forkynnelse i én kulturell klesdrakt møter en annen.



Tormod Kleiven:
Er det min skyld?
Luther forlag 2025

Kleivens bærende budskap i denne boken får deg kanskje til å sperre øynene opp. Er det ikke opplest og vedtatt at tilgivelse og forsoning er legende og nødvendig for at mennesker skal kunne leve godt sammen? Og hva med den kristne etikken – Jesus sa jo at slik Gud har tilgitt oss, skal vi tilgi hverandre?

«Vi skal og bør tilgi vår neste» har det blitt forkynt og formidlet i kirke og bedehus – og etter hvert også av psykologer og helsepersonell. Like fullt møter vi mennesker som har fått så dype sår etter å ha blitt krenket av andre, at de verken kan eller vil tilgi. Hva da?

Da må vi endre på rekkefølgen, hevder Kleiven. Vi må aller først ta et oppgjør med det vonde andre har påført oss, eller vi har påført andre. Det betyr at ansvar skal plasseres, erkjennes og formidles til alle de involverte. Først når det er gjort, vil spørsmålet om tilgivelse være relevant.

Julekonsert



Henrik Hundsnes
Sofia Loise Henriksdatter
Steffen Horn, piano
Sverre Vågen, trompet
Amund Sylte, gitarer
Morten Engebretsen Stokke, gitar

Skjoldastraumen Kyrkje

lørdag 20. desember kl. 18:00

Voksen kr. 250,- Barn under 16 år kr. 100,-
Billetter kjøpes på vipps 137453



Tysvær kyrkje. Foto: Bergfrid Seibt

Me syng jula inn

Tysvær kyrkje, søndag 14.12 kl. 17:00

Kom til Tysvær kyrkje og syng jula inn saman med: Boknakoret, Aksang m. dirigent Anne Tove Øvrebø, Førland Skulemusikkorps m. dirigent Lars Johannes Liknes, Barnekoret Gledesprederen m. dirigent Marit Sofie Teistedal Vikre, Ronja Lønning Dybdal, Sina Hauge Stava, Bergfrid Seibt og Tor Egil Eriksen

BIBELUNDERVISNING

INKARNASJONEN – GUD BLE MENNESKE

2.desember kl.19.00 i Aksdal kyrkje



Ingunn Moi holder i bibelundervisningen
Kveldsmat og godt fellesskap
Velkommen



LUNSJTREFF VÅREN 2026



Sted: Aksdal kyrkje Tid: kl.11.30.

Servering av varm lunsj, åresalg og allsang.
Inngang kr. 100
Varmt velkommen

29. januar med Dag Arne Saltnes
19. februar med «Husbandet» fra KM-huset
26. mars med Solveig M. Myge fra Friluftsrådet
30. april med Modgunn Brynjulfsen
28. mai med Hartvig Waage




Salmer i messå

tekst: May Jorunn Vatnaland/foto: Åse Bratthammer

Det blei et flott arrangement på Gamle Sandnes under NM i saueklipping på Bokn 19.september. Ideen kjem frå Lewi Bergrud sine suksessrike «Salmar på pub».

Mange lurte nok på kva dette var, nokon hadde høyrte om dette, ikkje alle tenkte at det blei så fantastisk som det blei.

Me la ut 150 billetter. Desse blei utseld etter kvart, i tillegg selde vi ca. 10 til i døra - då var det «stuvfullt».

Østebøvikane hadde fått ønskeliste fra soknerådet og valde ut ca. 24 songar som dei øvde inn. Liv Jorunn Frønsdal var superflink konferansier. Det blei trykt opp songhefter slik at ein kunne delta i songen. Ikkje alle

kan alle vers utanåt, sjølv om dette var ein gjeng som hadde pugga salmar i tidlegare år

Utruleg god stemning, salmane runga – til og med mannskapet på båten bad om å få songhefte for å få synga med. Det var 20 min. pause imellom 2 økter. Då fekk ein kvila stemmen og leska strupen litt.

Oppsummert var dette eit kjempeflott arrangement, med berre positiv tilbakemeldingar.

Alder på publikum var frå 20-90 år, men flest i 50-70 åra. Dei unge kjem nok neste gong. Det var fleire som fortalte dei angra at dei ikkje hadde kjøpte billetter, då dei høyrde kor kjekt det hadde vore.

Strikke julegaver?

Lisbeth Skilhagen Haaheim, LH336@kirken.no



Har du lyst til å strikke eller hekle noen julegaver så tar vi i mot prosjektene her.

Du kan strikke kluter 50 masker x lengde i bomull. Str. 30 cm. Eller hekle i denne størrelsen.

Har du mere lyst til å strikke sokker, votter eller luer er det fint. Dette skal være julegaver til voksne.

Bilde t.v: Også Kirkens Bymisjon har strikkedugnad for et varmere samfunn. foto: Tove Elise Madland

Adventverkstad

Velkomne til adventverkstad på Vatland Bedehus fredag 5. desember kl. 17.00

Me lagar julepynt og smakar på julekaker.
Andakt v/Svein Helge B. Torsteinbø
Utlodning

Arr: Fredagsklubben og Søndagsskolen

Talet er 1599

nytt frå fellesrådet

I veke 43 var det nasjonal teljeveke i Den norske kyrkja. Og her lokalt var me med. Kjekt å få oversikt over kor mange me kjem i kontakt med.

I utgangspunktet ei heilt vanleg veke, denne veke 43, ingen skulegudstenester, men heller ikkje skuleferie. Kor mange kjem i kontakt med kyrkja i løpet av ei heilt ordinær veke. Me visste det var mange, men at det her i Tysvær skulle bli registrert 1599 besøkande og/eller kontakter det overraske. Det er jo ca 14% av folketalet i kommunen.

Mange var innom gravferder og nesten 500 på dei fire gudstenestene om søndagen. Men babysang, barnekor og Hel-kor samla og eit lite hundre til saman. «Etter skoletid», middagsamvær og ulike andre samlingar trakk også mange. Konfirmantsamlingar og ulike andre aktivitetar for barn og unge var der og denne veka. Som så mange andre veker var det og denne veka andakt på ein av institusjonane våre. Nokre titals personlege samtalar og møter vart det og gjennom veka, på kontoret, i heimen eller kanskje berre ein telefon.

av Ottar Krakk, Kyrkjevevjerje i Tysvær

Når vi så legg til at menighetsforeningen hadde basar og at kyrkja var medarrangør av «Gleding» på Tysværtunet manglar me berre å telje dei 19 som var med på ein flott konsert i Aksdal Kyrkja på søndagskvelden for å nå talet 1599. Og då fekk me ikkje telt alle som i løpet av ei veke er innom gravplassane våre – kor mange det er blir berre ei gjetting.

Håpe me og framover kan sjå deg i våre samanhengar, både i sorg og glede – i helg og i kvardag. Velkommen skal du vera.

Stallen ved Nedstrand kyrkje

Eit sikkert teikn på at kyrkja er i rute til jul ser barn og vaksne når stallen og stjerna er på plass ved Nedstrand kyrkje. Området rundt kyrkja er blitt veldig fint etter arbeidet med nytt fortau og stallen og stjerna vil komme endå meir til rette.

I tida fram til julaftan vil ein kunne følgje med på at det stadig kjem nye personar og figurar i stallen. Dei skapar forventning og hjelper oss å glede oss til julekvelden og den store feiringa.

I år som tidlegare år vil det vere korte samlingar ved stallen kvar sundag kl 17.00. Samlingane passsar for både små barn og tilårskomne som opnar opp for barnet i seg, og som har lyst å undre seg over denne utrullege fortellinga om teikn, folk på leit, om det som er vanskeleg å forstå; nå som då. Det gir ein ekstra dimensjon til advent når vi står ute under stjerna – utan verforbehold - og syng "Tenn lys" og "Blomst av fred og glede", og høyrer og ser fortellinga om det som skjedde då Jesus vart fødd.

Vel møtt søndagar kl 17.00.

Julefest Nedstrand

Soknerådet inviterer søndag 4.januar til julefest.

Vi startar i Kyrkja med ein kort familiegudsteneste kl 16.00, der Soul kids deltek. Vismennene møter oss ved stallen og tek oss med på vandring «heim» til Soknatun. Der blir det mat og drøs og leik, godtepose og julenisse. Sjølvsaft skal vi gå rundt juletre og sjå kor mange ringar vi kan lage.



Vi oppmodar dei som kan til å ta med mat (salt og/eller søtt) som vi set på eit felles bord.

Denne dagen som nå heiter Kristi åpenbaringsdag og som vi i vår kyrkje feirer første søndag etter nyttår har vore ein stor kyrkjeleg festdag. Den vert tradisjonelt kalla for Heilage-tre-kongersdag og markerer at vismennene, eller kongane kom til Jesus med gåvene: Gull, røykelse og myrra.

I ortodokse kyrkjer blir denne dagen (13.dag jul) feira som vår julafta. Vismennene kom frå heidenske områder og det har vore ei påminning om at Jesus vart fødd for å gi liv og håp til alle verdas folk.

Alle er velkomen til en tradisjonsrik julefest.



Hver dag tar hundrevis av mennesker kontakt fordi ensomheten blir for tung å bære alene.

Å velge livet

av Johannes Heggland, generalsekretær i Kirkens SOS

Invitasjon til Den norske kirke i arbeidet med å forebygge selvmord

På verdensdagen for selvmordsforebygging ble utredningen «Å velge livet, Den norske kirke og selvmord» overlevert fra den bispemøte-nedsatte arbeidsgruppa, til preses Olav Fykse Tveit.

Utredningen tar et oppgjør med tidligere tiders fordømmelse og taushet i møte med selvmord. Samtidig som den gir en teologisk og til dels diakonifaglig begrunnelse for at kirken må møte mennesker, enten de strever med selvmordstanker eller de er etterlatte etter selvmord, med inkludering og støtte.

Kirkens SOS har i mer enn femti år arbeidet med selvmordsforebyggende kisetjeneste på telefon og etter hvert også på chat og sos-meldinger. Våre 1000 frivillige medarbeidere besvarer over 150.000 henvendelser i året, og erfarer hver dag og natt at det å være et lyttende, varmt og interessert medmenneske kan føre til at byrder løftes av slitne skuldre og at mennesker gjenfinner gnister av håp og fremtidstro. Vi vet at samtalene redder dagen for mange og livet for noen.

Det skjer utvilsomt mye godt og håpsstyrkende arbeid i menigheter i Den norske kirke, som er verdifullt i denne sammenhengen. Fellesskapsbyggende arbeid i mange varianter,

samtaler med etterlatte og forkynnelse som formidler håp – for å nevne noe.

Utredningen «Å velge livet» har som ambisjon å påvirke kirkelig praksis. Det er en god ambisjon. Dessverre er utredningen svært smal i sin beskrivelse av hva som er kirkelig praksis i dag. Institusjons- og organisasjonsdiakonien har nesten ingen plass i rapporten, selv om Kirkens SOS er nevnt som en samarbeidspartner.

Kirkens SOS er en medlemsorganisasjon som har sprunget ut av Kirkens Bymisjon og Den norske kirke. Medlemsmassen består i dag i all hovedsak av menigheter i kirken. Kirkens SOS er altså ikke bare en mulig samarbeidspartner for Den norske kirke, vi er den kirkelige/diakonale, døgnåpne spesialtjenesten innen selvmordsforebygging. Vi driver en livssynsåpen tjeneste med diakonal forankring, i tråd med kirkens egen definisjon av diakoni. Kirken kan være stolt over at den i 51 år har bidratt til dette livsviktige arbeidet. Jeg håper at bispemøtet, når de snart skal behandle utredningen «Å velge livet», vil ta dette perspektivet med i sine vurderinger.

Utredningen anbefaler at kirkelige ansatte bygger kompetanse på selvmordsforebyggende arbeid. Det er et godt forslag. Jeg vil hevde at den mest naturlige måten å gjøre det på, er å bygge på det anerkjente grunnkurset som Kirkens SOS har. Ved å gjennomføre

KIRKENS
SOS



Johannes Heggland. Foto Kirkens SOS

kurset som gir studiepoeng, samt å forplikte seg til praksis ved å ta to vakter i måneden i minimum et år, vil deltakeren få både formell og reell kompetanse. Å legge til rette for slik kompetanseheving, vil være en god investering for Den norske kirke. I samarbeid med Menighetsfakultetet finnes det dessuten flere aktuelle kurs som bygger på erfaringene fra Kirkens SOS.

Til sist: Kirkens SOS har behov for mange flere frivillige medarbeidere som vil delta i dette livsviktige arbeidet. Dessverre er det mange henvendelser vi ikke har kapasitet til å besvare i dag.

Den norske kirke skal nå mobilisere for økt selvmordsforebyggende innsats. Det er veldig bra! I tillegg til at kirken legger til rette for kurs og praksis for kirkelige ansatte, vil det beste og enkleste grepet være en storstilt rekruttering av frivillige i kirkelige miljøer, til innsats i Kirkens SOS. Ikke som en enkeltstående hendelse, men som en kontinuerlig samskaping av et døgnåpent, selvmordsforebyggende tilbud som vi vet redder liv.

Kirken i Aksdal 30 år

av Asbjørn Erdal

Aksdal kyrkje ble innviet i august 1995. I 2020 ble det planlagt et stort 25 års jubileum, men det måtte avlyses pga koronaepidemien. Men

første uka i september i år ble 30 års jubileet feiret med ei festuke i kirken. Her er noen glimt fra jubileumsprogrammet.



Uka startet med en flott festgudstjeneste. (til venstre) Her er det Olha Fetystova fra Ukraina, Ingvar Frøyland og Gjermund Lygre som samtaler om innvandring og utvandring.

Mandag var det gourmet-middag til inntekt for utstyr til kjøkkenet. Presten Gjermund hadde fått med seg en god kokk og serverte et 3 retters festmåltid. Det ble en flott kveld der vi fikk lære mer om hjortejakt og naturen. (bilde under)

Tirsdag ble den nye filmen «Hans Nielsen Hauge - Mannen som endret Norge» vist på Tysværtunet for en fullsatt kinosal. Etter filmen ledet Egil Severeide en debatt med de lokale bedriftslederne Jakob Hatteland og Birger Førre der han spurte: «Hvor finner vi arven etter Hauge i næringslivet på Haugalandet i dag?» (Nede til venstre)

Onsdag var det fest for de frivillige i menigheten. Der ble det god mat, underholdning og utdeling av prisen «Årets Ildsjel» til Asbjørn Espeset. I tillegg fortalte en fra Stefanusalliansen om kristne som fengsles for sin tro. (Nede til høyre)



Torsdag var det lunchtreff der Asbjørn Erdal kåserte: «Vårt vakre land – fra Nordkapp til Verdens Ende», og Magny Erdal leste dikt. (Bilde over)



Fredag var det en flott konsert med Christian Ingebrigtsen med tema «Når drømmer blir til virkelighet». Jubileumsboller ble servert etterpå. (Bilde over)

Lørdag ettermiddag laget Bjarne Leithaug en konsert sammen med barn. Fullt hus og et kjempeflott arrangement! (Bilde på fremsiden av bladen.)

ADVENTS-KONSERT

SØNDAG 7. DESEMBER KL 17
AKSDAL KIRKE

Disse deltar:

- Julebarnekoret
- Endre og Trygve Fjeldheim Hovelsen
- Rustne horn

Vi synger julesanger sammen

Fri entré

Arrangør: Kulturutvalet i Førresfjorden menighet

Hvordan har du det...
EGENTLIG?

Krisetelefon 22 40 00 40
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no
SOS-Chat: www.soschat.no

Kirkens SOS
ET MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

DEN NORSKE KYRKJA
Bokn sokneråd/fellesråd

«Me syng jula inn»

Søndag 14. desember kl. 19.00
Bokn kyrkje

Vakker julemusikk med:
Korpsgruppe
Barnekor
Boknakoret/Aksang
Sigmund og Daniel
Allsang

Velkommen

Konserten er gratis, offer til Kyrkjedyrsket.



Preiketekstane - vinteren 2026

Søndag 7. des,	2. søndag i adventstiden	Joh 14,1-4	Jeg vil ta dere til meg
Søndag 14. des.	3. søndag i adventstiden	Matt 11,2-11	Jesus og Johannes
Søndag 21. des.	4. søndag i adventstiden	Luk 1,46-55	Marias lovsang
Onsdag 24. des.	Julaften	Luk 2,1-20	Jesus blir født
Ons. 24./to. 25. des.	Julenatt/Ottesang	Matt 1,18-25	Josef og Jesu fødsel
Torsdag 25. des.	Juledag	Joh 1,1-14	Ordet ble menneske
Fredag 26. des.	Stefanusdag/2. juledag	Matt 2,16-23	Barnemordet og veien til Nasaret
Søndag 28. des.	Romjulssøndag	Matt 2,13-15	Flukten til Egypt
Onsdag 31. des.	Nyttårsaften	Luk 13,6-9	Fikentreet som ikke bar frukt
Torsdag 1. januar	Nyttårsdag/Jesu navnedag	Luk 2,21	Han fikk navnet Jesus
Søndag 4. januar	Kristi åpenbaringsdag	Matt 2,1-12	Vismennene hyller Jesus
Søndag 11. januar	2. søndag i åpenbaringstiden	Matt 3,13-17	Jesus blir døpt
Søndag 18. januar	3. søndag i åpenbaringstiden	Joh 2,1-11	Bryllupet i Kana
Søndag 25. januar	4. søndag i åpenbaringstiden	Luk 18,35-43	Den blinde ved Jeriko
Søndag 1. februar	Såmannssøndag	Luk 8,4-15	Såmannen og jordsmonnet
Mandag 2. februar	Kyndelsmesse	Luk 2,22-40	Jesus blir båret frem i tempelet
Fredag 6. februar	Samefolkets dag	Matt 5,13-16	Jordens salt og verdens lys
Søndag 8. februar	Kristi forklarelsesdag	Matt 17,1-9	Disiplene får se Jesu herlighet
Søndag 15. februar	Fastelavnssøndag	Joh 17,20-26	Så kjærligheten kan være i dem
Onsdag 18. februar	Askeonsdag	Matt 6,1-6.16-18	Gaver, bønn og faste
Søndag 22. februar	1. søndag i fastetiden	Matt 4,1-11	Jesus blir fristet
Søndag 1. mars	2. søndag i fastetiden	Matt 15,21-28	Den kanaaneiske kvinnen
Søndag 8. mars	3. søndag i fastetiden	Luk 11,14-28	Jesu makt over urene ånder
Søndag 15. mars	4. søndag i fastetiden	Joh 11,45-53	Ett menneske dør for folket
Søndag 22. mars	Maria budskapsdag	Luk 1,26-38	Budskapet til Maria
Søndag 29. mars	Palmesøndag	Joh 12,12-24	Inntoget og grekerne

Samlinger på Førre bedehus

Mannsforeningen inviterer til adventssamling fredag 5. desember kl 19.00.

Vi får besøk av Johannes Pettersen som vil mimre om barndom og ungdom i Førre. Videre om sin prestetid i Hardanger og arbeidet med IT i kyrkja. Rømmegrøt m.m. Alle velkommen!

Førre Søndagsskole har adventssamling på Førre Bedehus lørdag 6. desember kl 12.00



Juletreffest på Førre Bedehus søndag 28. desember kl 16
Heile familien er velkommen!

Trenger du noen å snakke med?

Diakoner og prester er alltid tilgjengelig for samtale. Ingenting er for lite og ingenting for stort.

På tirsdager sitter diakonen på Akdsalsenteret mellom kl.12.00-14.00. Sett deg gjerne ned og slå av en prat.

Ta kontakt med diakon Synnøve S. Haakonseth på tlf. 465 28 756 eller e-post: synnove.haakonseth@tysver.kommune.no

Kom til meg, alle dere som strever og bærer tunge byrder, og jeg vil gi dere hvile.

Matt 11, 28



Gjennom livet

Døpte

Aksdal kyrkje

24.08 Sofia Sævareid Aaserød
14.09 Kornelia Strand Gismarvik
28.09 Ariel Ebbesvik Berg
28.09 Vetle Øygarden Skjold
28.09 Olaug Kristiansen Haraldseid
05.10 Walter Skjold Tjomsland
05.10 Selmer Nordgård Fostenes
05.10 Anna Lundal
26.10 Emil André Ytreland Moen
26.10 Erling Staalesen
09.11 Lisa Owe Bjerga
09.11 Live Hjelmervik Dalen
09.11 Hedda Lilleås
09.11 Kalix Frey Corpin Eide

Førre Kyrkje

21.09 Olivia Olsen Hettervik
21.09 Marlen Eike Sternhoff
02.11 Embrik Grunnaleite Fausko
16.11 Josefine Marie Søderlund
16.11 Asta Aksdal-Kolnes
16.11 Synne Lillesund
16.11 Emma Smistad Vikse
16.11 Vetle Aase Vierdal

Nedstrand Kyrkje

24.08 Ådne Aksland
24.08 Emily Andersen Sørvik
14.09 Sina Askvig

Skjoldastraumen Kyrkje

07.09 Emma Kallekødt Lien
28.09 Bjørn Nordgård Steine
19.10 Adrian Lønning
26.10 Synne Østebø
16.11 Malin Nygaard Risanger
16.11 Ragnar Lehtimäki
16.11 Tobias Hebnes Ersland

Tysvær Kyrkje

31.08 Odin Birkeland Haukås
31.08 Ludvig Vesterøy Alstad
31.08 Helmer Haavardsholm
14.09 Magne Austerheim Sørvåg
28.09 Theodor Høysæter Erland
28.09 Jørgen Rejzek Ingebrigtsen
26.10 Mathias Rossebø
16.11 Bastian Bakken Gismarvik
16.11 Julie Vae Halleland

Bokn Kyrkje

14.09 Emil Alvestad Bjølseth
14.09 Myte Heimvik
14.09 Herman Våga
19.11 Birk Sunde
19.11 Anniken Eikje

Vigde

Tysvær Kyrkje

13.09 Emma Askeland og Johan Markus Bakkevig Håland
20.09 Ida Sofie Håheim og Håkon Emil Håheim

Bokn Kyrkje

25.10 Sylvia Arntsen Vatnaland og Eivind Rørvik Olsen

Jordfesta

Tysvær Kyrkje

28.08 Olaug Marie Odland
24.10 Astrid Høyvik
24.10 Edvin Anton Sørdal
21.11 Marith Førland Fredsvik

Bisettelse:

12.09 Steinar Slogvik

Førre Kirke

22.08 Brynjulf Nilsen
07.10 Magnus Marton Leifsen
07.10 Bjørg Sortland Hansen
10.10 Gustav Andreas Gressvoll
17.10 Aud Oddbjørg Førland
28.10 John Roald Nygaard
07.11 Jan Hordvik
11.11 Synnøve Sørhus

Bisettelse:

09.09 Ståle René Matre
19.09 Knut Harald Nesse
30.10 Erna Johanne Svee
14.11 Herbert Maier

Skjoldastraumen Kyrkje

21.08 Ingeborg Håland
10.10 Ruth Steine
21.10 Knut Tore Brendøy
14.11 Johan Andreas Berentsen

- Å lytte til en som trenger det er noe av det mest meningsfulle du kan gjøre.

Bli frivillig!

Ta kontakt for info om nye kurs
Les mer: kirkens-sos.no/frivillig

KIRKENS SOS
RODALAND

Neste nummer kjem i postkassen ca. 13. mars

Frist for stoff til nr 1/2026: 20. februar 2026

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand. e-post: hustoft@hustoft.net. Mob: 900 26 142

Velkommen til kyrkje



Aksdal kyrkje

30. november kl.18.00

Lysmesse

7. desember kl.11.00

Gudstjeneste

24. desember kl.14.30 og 16.00

Julaften

25. desember kl.12.00

Høytidsgudstjeneste 1.juledag

31. desember kl.16.00

Nyttårsaften

11. januar kl.11.00

Gudstjeneste

25. januar kl.18.00

Ung Messe

8. februar kl.11.00

Gudstjeneste

22. februar kl.11.00

Gudstjeneste

1. mars kl.11.00

Gudstjeneste

8. mars kl.11.00

Gudstjeneste

15. mars kl.11.00

Gudstjeneste

22. mars kl.11.00

Gudsteneste

Brandøy

1. februar

Konfirmantleir-gudstjeneste

Førre kirke

14. desember kl.11.00

Gudstjeneste

24. desember kl.14.30 og 16.00

Julaften

18. januar kl.11.00

Gudstjeneste

15. februar kl.11.00

Gudstjeneste

Nedstrand kyrkje

30. november kl.17.00

Lysmesse

14. desember kl.11.00

Gudsteneste

24. desember kl.16.15

Julaften

25. desember kl.12.00

Høgtidsgudsteneste 1.juledag

4. januar kl.16.00

Helligetrekongersfest

18. januar kl.11.00

Gudsteneste

8. februar kl.13.00

Gudsteneste

15. februar kl.11.00

Gudsteneste

8. mars kl.11.00

Gudsteneste

Tysvær kyrkje

30. november kl.16.00

Lysmesse

14. desember kl.17.00

Vi syng jula inn

24. desember kl.16.00

Julaften

25. desember kl.12.00

Høgtidsgudstjeneste 1.juledag

1. januar kl.19.00

Nyttårgudsteneste

18. januar kl.11.00

Gudsteneste

1. februar kl.11.00

Gudsteneste

15. februar kl.11.00

Gudsteneste

8. mars kl.11.00

Gudsteneste

22. mars kl.11.00

Gudsteneste

Skjoldastraumen kyrkje

30. november kl.19.30

Lysmesse

24. desember kl.15.00

Julaften

26. desember kl.11.00

Høgtidsgudsteneste 2.juledag

11. januar kl.11.00

Gudsteneste

1. februar kl.15.00

Gudsteneste

8. februar kl.11.00

Gudsteneste

1. mars kl.13.00

Gudsteneste

22. mars kl.11.00

Gudsteneste

Bokn kyrkje

30. november kl.18.00

Lysmesse

14. desember kl.19.00

Vi syng jula inn

24. desember kl.14.00

Julaften

31. desember kl.16.00

Nyttårsaften

11. januar kl.11.00

Gudsteneste

25. januar kl.18.00

Gospelgudsteneste

15. februar kl.15.00

Gudsteneste

22. februar kl.11.00

Gudsteneste

15. mars kl.11.00

Gudsteneste

22. mars kl.15.00

Gudsteneste